



Musikklaget spelar under ein flott konsert på Stemneplassen på forsommaren.

Uskedal musikklag har dei siste sesongane hatt jamn og god aktivitet. Medlemstalet har vore stabilt, men no har ein godt håp om at det kjem nye medlemmer når sesongen startar opp med øvingar tirsdag 2. september.

Medlemstalet har vore 12 dei siste sesongane, men frammøtet har vore særdeles godt. Dette er nok ein av hovudgrunnane til at det rår så god stemning i gruppa. Repertoaret består av variert musikk, og ein har lagt lista for vanskegrad på eit nivå som kler korpset godt.

Det er godt håp om at det dukkar opp nye medlemmer, og for dei som har lyst å vera med, er det berre å stilla opp i skulen når øvinga startar i morgon, tirsdag. Øvingstida er kvar tirsdag frå kl. 20 til om lag halv ti.

Vi håpar det dukkar opp nye ansikt som vil supplere den flotte gjengen!

Foto: Ola Matti Mathisen

Tekst og nett: Thor Inge Døssland